



CD

Sverre Jordan

«Romanza»

Med Hilde Haraldsen Sveen (sopran), Gro Sandvik (fløyte) og Turid Bakke Braut (klaver).

2L – 2010

Munter romantikar

Sverre Jordan (1889–1972) heldt ein sentral posisjon i det norske musikklivet, og særleg i Bergen. Der fungerte han som leiar for Harmoniens kor og som pådrivar for oppsetjingar av opera. Det siste gjennom arbeidet sitt som kapellmeister ved Den Nationale Scene.

Slik er det logisk at Bergens-tilknytte musikarar no set musikken hans i fokus. På ei ny utgjeving presenterer dei eit knippe opus av små format. Me finn eit lite utval av dei nær to hundre songane i produksjonen hans, samt sonatinen han skreiv for fløyte og klaver. Mindre klaverstykke omkransar begge deler og denne strukturen gjev god variasjon til eit uttrykk som lett kunne vorte einsidig.

For plata oser av eleganse og lett romantikk. Med tanke på kva urolege tider denne musikken kom til i, er det oppsiktsvekkjande kor ubekymra og lettbeint Jordan fører seg. Sopran Hilde Haraldsen Sveen får framføra hyllest etter hyllest; til våren, kjærleiken og livet – ho gjer det med nerve og overtyding. Fløytest Gro Sandvik markerer seg i sonatinen, ein lysare form for sonate, og understrekar smakfullt dei mange og leikne innfalla til Jordan. Representerande for det lette i uttrykket er òg danse-taktane i klavermusikken, samt titlar som «Humoreske» og «En gla' trall».

Einast det seks minutt lange «Grotesque» – det lengste verket på plata – gjev rom for meir djuptgåande bilete. Turid Bakke Braut framfører klaverstykket uttrykksfullt og dramatisk, men òg med den same enkle og virtuose elegansen ho syner i tilnærminga til alle verk på plata.

Det er flott at Jordan si verksemd vert dokumentert så godt som dette. Men det opplevast like fullt paradoksalt å høyra at ein av kritikarane i tida omtala musikken som tidlaust lyrisk. For meg opplevast musikken tidfesta – til ein epoke det ikkje utan vidare er enkelt å identifisera seg med.

**IDA
HABBESTAD**

